



Nomil iks  
Eidsmona 36  
6823 Sandane

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Gøsta Hagenlund, 5764 3121

## Oversending av krav til etterdrift av avfallsdeponi

Vi viser til avgjerd om avslutting av avfallsdeponiet frå 25.3.2015 og til utgreiing om tiltak for etterdrift av deponiet frå 8.6.2021.

Vi viser også til kontroll av deponiet og gjennomførte avsluttingstiltak 8.8.2021, dykkar melding 20.10.2021, spørsmål og søknad om tiltak datert 20.10.2021.

### 1 Vedtak

Ivahola avfallsdeponi går no over i etterdriftsfase.

#### 1.1 Krav til etterdrift

Statsforvaltaren fastset med dette krav til etterdrift av deponiet. Krava går fram av vedlagte dokument. Kravdokumentet omtalar dei juridiske krava til den som til ein kvar tid er ansvarleg for avsluttingstiltak og etterdrift så lenge deponiet kan ha negativ verknad på miljøet. Dette oversendingsbrevet omtalar bakgrunn for saka og gir nærare grunngjeving for vedtaket og nokre vilkår.

Krav til tiltak/drift er gitt etter forureiningslova §§ 20 og 7, jf. Kap. 9 i avfallsforskrifta.

#### 1.2 Godkjenning av tiltak

Vi viser til søknad om tiltak datert 20.10.2021. Skråning frå veg nord på deponiet kan stabiliserast utan omsyn til hellingskravet i punkt 4.2 i kravdokumentet. Det er ingen krav til fjerning av tre i dette området. Kverna hageavfall og reint trevirke kan nyttast (gjenvinnast) som del av tildekkinga her i samsvar med § 32 i forureiningslova. Synleg avfall i dette området kan fjernast eller dekkast til slik at det er varig tildekt. Krav til toppdekke i punkt 3 i kravdokumentet gjeld ikkje i dette området. Jordmassar i øvste dekklag må vere reine, det vil seie at innhald av eventuell forureining ikkje må overstige normverdiane i vedlegg 1 til kap. 1 i forureiningsforskrifta.



Vi tar ellers skildring av tiltak i dykkar tilbakemelding etter kontrollen (20.10.2021) til etterretning og legg til grunn at de gjennomfører tiltak som opplyst her og i dykkar framlegg til etterdrift frå juni 2021. Oppfølginga av tilsynet når det gjeld status for gassanlegget vert følgd opp som eigen sak.

Gjennomførte tiltak må orienterast om til Statsforvaltaren saman med ordinær årsrapport.

## 2 Kort om bakgrunnen for saka

Ivahola avfallsplass avslutta deponering av avfall i 2009. Deponert avfall kan påverke miljøet negativt, og det er behov for oppfølging inntil miljøpåverknaden vert vurdert som akseptabel. Den ansvarlege for deponiet har utarbeidd plan for avslutting og etterdrift som vi har lagt til grunn for nødvendige krav. Kravdokumentet følgjer med som vedlegg til dette skrivet.

### 2.1 Rettsleg utgangspunkt

#### **Forureiningslova**

Krav i samband med nedlegging og etterdrift byggjer på reglane i vedlegg III til kap. 9 i avfallsforskrifta og § 20 i forureiningslova. Nødvendige krav vert haldne saman med fordelar og ulemper det deponerte avfallet elles vil kunne føre til. I vurderinga vil vi særleg sjå på i kva grad utslepp og miljøulemp er akseptable sett i lys av føremål og retningslinjer i §§ 1 og 2 i forureiningslova. Alle krav i vedlegg III til kap. 9 er ikkje inntatt i vedlagte kravdokument og den ansvarlege må setje seg inn og drifte deponiet etter alle relevante miljøkrav.

#### **Naturmangfaldlova**

Forvaltningsmåla i §§ 4 og 5 i naturmangfaldlova skal ligge til grunn for korleis Statsforvaltaren utøver mynde. Vidare skal prinsippa i §§ 8 til 12 om mellom anna kunnskapsgrunnlag, føre-var-tilnærming og samla belastning leggjast til grunn som retningslinjer når Statsforvaltaren tek avgjerder som kan få følgjer for naturmangfaldet.

#### **Vassforskrifta**

Vassforskrifta inneheld forpliktande miljømål om at styresmaktene skal sjå til at alle vassførekomstar oppnår god kjemisk og økologisk tilstand innan 2027 med mindre det er gitt unntak med heimel i § 9 eller § 10 i forskrifta.

## 3 Statsforvaltaren sin vurdering og grunngjeving

### 3.1 Grunngjeving for vedtaket

Ramme for etterdriftstida er som utgangspunkt sett til 30 år, i samsvar med omtale i § 9-10 i avfallsforskrifta. Etterdriftstida kan verte lengdd dersom deponiet framleis utgjer ein forureiningsfare.

Forureining frå deponert avfall er venta å avta mykje i etterdriftstida. Krav til tiltak og overvaking av miljøtilstanden er vurdert som nødvendige og tilstrekkelege for å kunne dokumentere utvikling av påverknad frå deponiet. Tilstand og drift førre år vert rapportert til Statsforvaltaren og data vert tilgjengeleg for innsyn.

Det er ikkje ønskeleg at framande, skadelege artar (sjå artsdatabanken.no) kan etablere seg på slike område. Det er difor sett krav for å hindre slik etablering i etterdriftstida. Ny, forureinande aktivitet på staden er ikkje planlagt, og det er ikkje nødvendig med ny vurdering etter miljøprinsippa i naturmangfaldlova.



Påverknaden på vassførekomsten vil verte redusert – truleg mykje, i etterdriftstida. Vi vurderer at med dei tiltak og krav som er sette, så vil utslepp frå verksemda ikkje vere til hinder for at miljømålet for vassførekomsten kan nåast.

Vi har konkludert med at krav til tiltak og drift i avsluttings- og etterdriftstida er akseptable sett i lys av forureiningslova sine føremål og retningslinjer i §§ 1 og 2.

## **3.2 Grunngeving for utvalde vilkår og krav**

### **3.2.1 Rammer (punkt 1 i kravdokumentet)**

Etter avsluttingsfasen kan anlegget ikkje lenger handtere avfall eller nytte avfall/avfallsbasert masse til tiltak utan etter særskilt løyve frå Statsforvaltaren. Tilført masse må difor vere reine massar. Med dette er det meint massar (gjeld både mineral- og jordmasse) der eventuelt innhald av helse- eller miljøfarlege stoff ligg under normverdiar for forureina grunn som er gitt i vedlegg 1 til kap. 2 i forureiningsforskrifta. Dersom det er grunn til å tru at tiltenkt masse kan vere forureina, må innhaldet analyserast. Masse frå eventuelt registrert lokalitet i databasen Grunnforurensning må alltid analyserast. Anna masse må analyserast før eventuell bruk dersom det grunn til å tru at den kan vere forureina.

### **3.2.2 Internkontroll (punkt 2.5 og 7 i kravdokumentet)**

Den ansvarlege for avsluttingstiltak og etterdrift må dokumentere etterleving av krav i vedlagte dokument og krav som elles følgjer av forureiningsregelverket i samsvar med omtale i internkontrollforskrifta. Særskilt viktig er krav til dokumentasjon som følgjer av § 5 i denne forskrifta. Presisering av og utdjuing av krav til miljørisikoanalyse og internkontroll er difor omtalt i kravdokumentet.

### **3.2.3 Krav til toppdekke (punkt 3.2 i kravdokumentet)**

Krav er sett med sikte på at toppdekke skal tilfredsstille tenkt etterbruk. Dekket skal vere av tilstrekkeleg kvalitet til å fremje metanoksidasjon, sikre at nedbrytbart avfall får tilførsel av fukt utan at faren for utvasking aukar, og sikre stabilitet på lang sikt. Topplaget må likevel tilpassast endeleg bruk og tilgjengelege massar. Mindre justeringar av krava kan kome på tale dersom føremålet med topplaget vert stetta.

Overflata på toppdekke skal ikkje endrast som følgje av nedbryting av deponert avfall. Krava skal sikre at det ikkje vert depresjonar, erosjonsgrøfter, feil fall m.m. Det følgjer av krava til at utvikling av toppdekke må dokumenterast med måling av eventuelle setningar.

Eventuelt behov for bruk av avfallsbasert masse krev i utgangspunktet løyve etter søknad. Avfall som har gjennomgått gjenvinning i samsvar med kriteria i § 27 3.ledd i forureiningslova skal reknast å ha opphøyrd å vere avfall, og kan nyttast til utfyllingsføremål. Dersom den ansvarleg er i tvil om kriteria er oppfylt, må enkeltspørsmål avklarast med Statsforvaltaren i samsvar med 4.ledd.

### **3.2.4 Deponigass (punkt 3.5 og 4.4 i kravdokumentet)**

Alle avfallsdeponi der det er biologisk nedbrytbart avfall («våtorganisk avfall») vil produsere mellom anna metangass under anaerobe forhold. Metangass er ein kraftig klimagass med verknad om lag 22 gongar høgare enn CO<sub>2</sub>. Slik deponigass må difor behandlast ved minimum fakling (omdanning til CO<sub>2</sub>) så langt det er teknisk mogleg og økonomisk forsvarleg. Det er sett grenser for når gassanlegget kan leggest ned og tiltak mot deponigass i hovudsak må gjerast via oksidasjonslag i



toppdekket. Merk krav i vedlagte dokument punkt 4.4 om at eventuell stenging av gassanlegget krev godkjenning av Statsforvaltaren.

### 3.2.5 Rapportering (punkt 6 i kravdokumentet)

For deponi er det etablert nasjonal rapportering via [www.altinn.no](http://www.altinn.no). I tillegg til dei spesifikke krava skal den ansvarlege leggje ved omtale av drift og utvikling av deponiet siste år.

### 3.2.6 Finansiell garanti

Det er ikkje stilt særskilt krav til finansiell garanti for kostnadsdekking i etterdriftstida. Finansieringa av NOMIL iks frå eigarkommunane vil sikre tilstrekkeleg finansieringsgrunnlag for etterdriftstida. Dersom oppfølging av det nedlagte deponiet vert overført til privat part, må problemstillinga avklarast med Statsforvaltaren – under dette godkjenning av avsett tilstrekkeleg beløp for etterdriftstiltak.

## 4 Saksgang

Statsforvaltaren behandlar søknader om avslutting og etterdrift i samsvar med § 20 i forureiningslova. Saksgangen har så langt det er relevant følgd forureiningsforskrifta kapittel 36 *Behandling av tillatelser etter forurensningsloven*.

### 4.1 Førehandsvarsel og uttalar/fråsegner

Forureining frå det deponerte anlegget vil verte redusert som følgje av krava til tiltak. Tiltaka er i stor grad ei vidareføring av krav som vart vedteke i 2015. Førehandsvarsling er difor vurdert å vere unødvendig.

## 5 Klagerett

Nomil iks og andre med rettsleg klageinteresse kan klage på vedtaket. Ein eventuell klage bør innehalde ei skriftleg grunngjeving og kva de ønskjer å endre. I tillegg skal andre opplysningar som kan ha noko å seie for saka, koma fram.

Klagefristen er tre veker frå dette brevet vart motteke. Ein eventuell klage skal adresserast til Miljødirektoratet og sendast til Statsforvaltaren.

Statsforvaltaren sender kopi av dette brevet med vedlegg til aktuelle partar i saka.

Med helsing

Kristin Espeset  
senioringeniør

Gøsta Hagenlund  
sjefingeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

### Vedlegg

Krav til etterdrift  
Plan for drift og vedlikehald av Ivahola (NOMIL iks juni 2021)



**Kopi til:**

Gloppen kommune

Bertil Sande

Peder Martin Rygg



NORDFJORD MILJØVERK IKS  
Eidsmona 36  
6823 SANDANE

Saksbehandlar, innvalstelefon  
Gøsta Hagenlund, 5764 3121

## Ivahola - nedlagt avfallsdeponi - godkjenning avslutting av fakling - tiltak mot metanemisjon

Vi viser til brev datert 1.12.2023. Nordfjord Miljøverk IKS (Nomil) ber om

- godkjenning av avslutting av fakling av deponigass
- løyve til bruk av avfallsbasert masse
- fritak for måling av mengd sigevatn og grunnvatn

### Godkjenning av avslutting av fakling av deponigass

Statsforvaltaren godkjenner med dette at fakling av deponigass på Ivahola avfallsdeponi kan opphøre. I samsvar med krav datert 25.8.2023 må Nomil gjennomføre nødvendige tiltak for å redusere utslepp av metan. Nokre tiltak er kommentert i dette skrivet.

Fakling av deponigass på avslutta avfallsdeponi vil ha avgrensa driftstid. I krav til etterdrift datert 25.8.2022 gav vi føringar for når det kunne vere forsvarleg/nødvendig å avslutte fakling, og i staden gjennomføre andre tiltak.

Teoretisk mengd deponigass er rekna å kunne vere ned mot 10 % av opphavleg produksjon, eller kome ned på denne mengda om nokre få år. Gjennomsnittleg alder på nedbrytbart avfall som kan gje anaerobe gassar under nedbryting er rekna å vere om lag 25 år. Vidare nedbryting vil etter kvart vere langsam, og rapportar i avfallslitteraturen tilseier at restavfallsmasse vil varig lagre om lag 50 % av deponert karbon.

Venta kostnad med å utbetre, utvide og drifte faklingsanlegget er lagt ved søknaden (Notat utarbeidd av Norconsult 24.10.2023). Venta kostnad tilseier at miljønyttan av tiltak er for låg for å kunne vere forsvarleg, jf. miljørettsprinsippa i § 2-nr. 1 og 3 i forureiningslova.

### Bruk av masse for å utbetre dekket

Nomil har søkt om løyve til å kunne nytte avfallsbasert masse for å kunne optimalisere dekket for metanoksidasjon.

*Vi vurderer at slike blandingar (der komposten tilfredsstillar krav til bruk på grøntareal) har opphøyrd å vere avfall, jf. § 27 a i forureiningslova, når nytta til omtalt føremål på denne staden.*



Omtalt masse skal bestå av blanding av kverna hageavfall, ferdig kompost og reine, uorganiske lausmassar. Vi vurderer at for desse føremåla har materialet gjennomgått gjenvinning, det skal nyttast til avgjort føremål, kompost og uorganisk masse kan nyttast fritt og knust hageavfall er nødvendig for å oppnå rett porøsitet, massen innfrir tekniske krav til bruk her og vi kan ikkje sjå at bruken vil medføre nemneverdig høgare risiko enn tilsvarande jomfruelege massar.

Vi merker oss at Norconsult tilrår at det bør leggest ut 10 – 20 cm uorganisk masse for å kunne fordele deponigassen mest mogleg jamt. I dykkar oversendingsskriv har det vorte omtalt som masse som «ikkje drenerer». Vi gjer merksam på at slikt lag ikkje må bestå av så fine massar at det ikkje drenerer. Miljøteknisk konsulent må gje råd om kornstorleik både for å kunne fordele deponigassen, og kunne sleppe gjennom optimal mengd vatn.

Bruk av andre teknikkar for å hindre eller minimalisere metanutslepp er omtalt i kravdokumentet, jf. pkt 3 og 4. I Notatet frå Norconsult er omtalt konkrete tiltak som vil kunne gje gode resultat. Nomil må gjennomføre alle relevante tiltak i etterdriftstida, både dei som er omtalte no, og andre som kan kome på som nødvendige seinare.

### **Fritak for måling av mengd sigevatn og grunnvatn**

*Statsforvaltaren godkjenner med dette at måling av mengd sigevatn og grunnvatn kan avsluttast.*

Mengd vatn frå området ved deponiet er etter måten godt kjend med målingar/utrekningar i lengre tid. Mengd kan ut frå erfaringstal reknast ut med grunnlag i kjend årsnedbør m.m. For å kunne måle dette må det etablerast ny straumforsyning. Tiltaket vil etter vårt syn ikkje gje tilstrekkeleg miljønytte sett i forhold til venta kostnad.

### **Oppdaterte etterdriftskrav**

Oppdaterte etterdriftskrav følgjer med som vedlegg. Punkt 4.4, 4.6 5.2 (tabell 1) og 6 er endra i samsvar med dette skrivet.

Med helsing

Kristin Espeset  
senioringeniør

Gøsta Hagenlund  
sjefingeniør

*Dokumentet er elektronisk godkjent*

Vedlegg  
Etterdriftskrav



## Krav til etterdrift av avfallsdeponi Ivahola avfallsplass, Gloppen

Krav i samband med etterdrift er stilt i medhald av forureiningslova § 20, 2.ledd og er utforma for minst å tilfredsstillе dei generelle krava etter § 9-15 og vedlegg III i kap. 9 i forskrift om gjenvinning og behandling av avfall av 1.6.2004 (avfallsforskrifta).

Krava er gitt på grunnlag av opplysningar gitt i plan for endeleg avslutting og etterdrift av 8.6.2022, og opplysningar framkome under behandlinga av søknaden. Krav erstattar løyve til avslutting av 25.3.2015 med seinare endringar.

### Nøkkeltal om eigedom og deponi

Grunneigar	Bertil Sande og Peder Martin Rygg		
Stad	Skorgedalen		
Deponikategori	2 (ordinært avfall), jf. § 9-5 i avfallsforskrifta		
Kommune og fylke	Gloppen i Vestland		
Gards- og bruksnr.	15/3 og 15/9	UTM midtpunkt	0346456 6855615

### Ansvarleg for etterdrift

Driftsansvarleg	Nomil iks		
Adresse, poststad	Eidsmona 36, 6823 Sandane		
Org. nummer (føretak/eigd av)	977 549 833	Org.nr. (verksemd)	877 554 392

### Statsforvaltaren sine referansar

Registreringsnummer	Anleggsnummer	Saksnummer
2022.0486.T	1445.0011.04	19/7979

Løyve/krav gitt første gong: 25.8.2022		Løyve/krav sist endra: 9.1.2024
Kristin Espeset senioringeniør		Gøsta Hagenlund sjefingeniør

*Dokumentet er godkjent elektronisk*



## Endringslogg

Endringsnummer	Endringar av	Punkt	Endringar
1	9.1.2024	4.4	Avsluttar krav til drift og vedlikehald av deponigassanlegget
		4.6	Presisert at bygningar og annan infrastruktur som ikkje lenger skal nyttast for etterdrift eller etterbruk, skal fjernast
		5.2 tabell 1	Avslutting av fakling av deponigass Avsluttar krav til måling av sifevassmengd og mengd grunnvatn- (kan stipulere mengd etter nedbørdata)
		6	Fjerna rapporteringskrav som gjeld deponigassanlegget

## Innholdsliste

<b>1</b>	<b>Rammer</b>	<b>4</b>
1.1	Generelt .....	4
1.2	Arealbruk .....	4
1.3	Tidsrammer .....	4
<b>2</b>	<b>Generelle krav</b>	<b>5</b>
2.1	Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg .....	5
2.2	Utskifting av utstyr og endring av utsleppspunkt .....	5
2.3	Plikt til førebyggjande vedlikehald .....	5
2.4	Tiltaksplikt ved auka forureiningsfare .....	5
2.5	Internkontroll .....	5
2.6	Nærmiljø .....	6
<b>3</b>	<b>Krav for avslutting</b>	<b>6</b>
3.1	Anlegg.....	6
<b>4</b>	<b>Krav for etterdrift</b>	<b>7</b>
4.1	Overflatevatn.....	7
4.2	Toppdekke .....	7
4.3	Sigevatn.....	7
4.4	Deponigass .....	7
4.5	Andre tiltak mot metanemisjon.....	7
4.6	Drift av anlegg og tekniske installasjonar .....	8



<b>5</b>	<b>Krav til kontroll og overvaking i avsluttings- og etterdriftsfasen</b>	<b>8</b>
5.1	Prøvetaking og analyse .....	8
5.2	Etterdriftsfasen .....	8
<b>6</b>	<b>Rapportering til Statsforvaltaren</b>	<b>9</b>
<b>7</b>	<b>Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining</b>	<b>10</b>
7.1	Miljørisikoanalyse .....	10
7.2	Førebyggjande tiltak.....	10
7.3	Beredskap.....	10
7.3.1	<i>Beredskapsanalyse</i>	10
7.3.2	<i>Beredskapsetablering</i>	10
7.3.3	<i>Beredskapsplan</i>	10
7.4	Varsling av akutt forureining.....	11
<b>8</b>	<b>Avslutning av etterdrift</b>	<b>11</b>



# 1 Rammer

## 1.1 Generelt

Krava gjeld for etterdrift for Ivahola avfallsplass. I etterdriftsfasen er det berre aktuelt å nytte reine massar for utbetring av deponiarealet.

Ved avslutting av deponiet er det deponert 142 653 tonn ordinært avfall og det er inntil 2015 nytta i underkant av 100 000 tonn dekkmasse.

Driftsansvarleg er ansvarleg for oppfølging av krava omtalt i dette dokumentet og krav for oppfølging av området som elles går fram av forureiningsregelverket. Den ansvarlege kan leige inn andre (personar eller firma) til praktiske gjeremål i samband med oppfølging av krav, men er likevel ansvarleg i høve til Statsforvaltaren for oppfølging og rapportering.

Krava gitt i dette dokumentet er særskilde juridiske krav til den som til ei kvar tid er godkjent av Statsforvaltaren som ansvarleg. Utfyllande kommentar til enkelte av krava står i oversendingsbrevet, og dokumenta må lesast i samanheng.

Dersom den driftsansvarlege ynskjer å gjere endringar i høve til opplysningar som er gitt i søknaden eller under saksbehandlinga, og desse endringane kan ha noko å seie for utforming av krav eller verknad for miljøet, må endringane avklarast skriftleg med Statsforvaltaren på førehand.

## 1.2 Arealbruk

Oppdatert kartskisse over areal som er forureina eller der det er deponert avfall skal vere registrert i databasen Grunnforurensning. Alle relevante dokument knytt til tilstanden på forureina areal skal leggest inn i databasen. Det er ikkje tillate å handtere avfall på det avsette arealet til avfallsføremål utan etter særskilt løyve frå Statsforvaltaren.

Bygge- eller gravearbeid på areal som kan vere forureina eller der det er deponert avfall, må avklarast med Statsforvaltaren på førehand.

Tre med røter som kan nå ned under toppdekke kan ikkje vurderast etablert før etterdriftstida er over.

## 1.3 Tidsrammer

Etterdriftsfasen skal vare minimum 30 år, men skal halde fram så lenge deponert avfall kan representere ein fare eller ulempe for miljø eller helse. Den ansvarlege skal ved avslutting av deponiet ha etablert tilfredsstillande finansiell garanti eller tilsvarande sikring for å sikre at plikter som følgjer av krav til avslutting og etterdrift kan stettast.



## 2 Generelle krav

### 2.1 Plikt til å redusere forureining så langt som mogleg

All forureining frå deponiet, både utslepp til luft og vatn, er isolert sett uønskt. Sjølv om utsleppa vert haldne innanfor fastsette utsleppsgrenser, pliktar driftsansvarleg å redusere utsleppa sine, så langt dette er mogleg utan urimelege kostnader. Plikta omfattar også utslepp av komponentar som det ikkje er sett uttrykkelege grenser for gjennom dette kravdokumentet.

### 2.2 Utskifting av utstyr og endring av utsleppspunkt

Ved utskifting av utstyr må det nye utstyret tilfredsstille prinsippet om bruk av beste tilgjengelege teknikkar for å motverke forureinande utslepp og annan negativ innverknad på miljøet (BAT<sup>1</sup>-prinsippet), jf. punkt 2.3. Der det finst relevante BAT-konklusjonar for verksemda, skal det nye utstyret vere i samsvar med desse, jf. forureiningsforskrifta kapittel 36 vedlegg 2.

Dersom utstyr skal skiftast ut for å gjere det mogleg å oppnå tydelege utsleppsreduksjonar, skal bedrifta gi melding til Statsforvaltaren om dette i god tid før det vert teke avgjerd om val av utstyr.

Dersom utsleppspunkt som er fastlagt i punkt 4.3 må endrast, må det søkjast om løyve.

### 2.3 Plikt til førebyggjande vedlikehald

For å halde dei ordinære utsleppa på eit lågast mogleg nivå og for å unngå utilsikta utslepp, skal den ansvarlege sørje for førebyggjande vedlikehald av utstyr som kan ha noko å seie for utsleppa. System og rutinar for vedlikehald av slikt utstyr skal vere dokumenterte.

### 2.4 Tiltakspunkt ved auka forureiningsfare

Dersom det oppstår fare for auka forureining skal den ansvarlege så langt det er mogleg utan urimelege kostnader, setje i verk tiltak som er nødvendige for å eliminere eller redusere den auka forureiningsfaren.

Den ansvarlege skal så snart som mogleg informere Statsforvaltaren om forhold som kan føre til vesentleg auka forureining eller forureiningsfare. Akutt forureining skal varslast i samsvar med punkt 7.4.

### 2.5 Internkontroll

Den ansvarlege pliktar å etablere internkontroll for etterdrifta i samsvar med gjeldande forskrift<sup>2</sup>. Internkontrollen skal mellom anna sikre og dokumentere at krava i dette skrivet vert halde. Internkontrollen skal vere oppdatert i heile etterdriftstida.

---

<sup>1</sup> BAT er eit felles europeisk omgrep og er forkorting for "best available technics" (beste tilgjengelege teknikkar)

<sup>2</sup> Forskrift om systematisk helse-, miljø- og sikkerhetsarbeid i virksomheter (internkontrollforskriften) av 06.12.1996, nr. 1127



Den ansvarlege skal alltid ha oversikt over alt som kan føre til forureining og kunne gjere greie for risikoforhold. Plikt til å gjennomføre risikoanalyse med omsyn til *akutt* forureining følger av punkt 7.1.

## 2.6 Nærmiljø

Den ansvarlege skal sikre at ulemper frå utslepp til vatn, lukt, støv, skadedyr, framande plantar, innsyn, med meir, vert reduserte til eit minimum. Framande artar i kategoriane SE, HI og PH<sup>3</sup> skal ikkje finnast på deponiområdet eller areal i rimeleg nærleik.

Brenning eller nedgraving av avfall er ikkje tillate.

## 3 Krav for avslutting

Avsluttingsperioden er tida frå alle ordinær deponering av avfall opphøyrer og fram til Statsforvaltaren godkjenner at avsluttingstiltak er ferdigstilt. Avsluttingsperioden opphøyrer frå datoen dette dokumentet gjeld frå.

Ved avslutting av deponiet gjeld følgande tilstand

- Deponert avfall ligg varig tildekt
- Toppdekket består av ulike lag som legg til rette for optimal, naturleg nedbryting av avfall og der utslepp av metan vert redusert til eit minimum
- Overflata har fall mellom 1 – 30 %
- Deponigassanlegget er aktivt
- Toppdekket består så langt råd av følgande lag (frå deponert avfall mot overflata):
  1. Opptil 0,3 m med utjamningsmasse, kan vere avfallsbasert
  2. Dreneringslag om lag 0,3 m uorganisk masse, kan vere avfallsbasert
  3. Tettingslag av steinfrie uorganiske massar om behov
  4. Oksidasjonslag av grovknust organisk masse og mineralmasse min. 0,3 m
  5. Vekstlag/topplag av reine massar min. 0,5 meter

### 3.1 Anlegg

Vegar, leidningsanlegg og kabelanlegg som ikkje lenger skal nyttast for etterdrift eller etterbruk skal fjernast.

Anlegg som ikkje skal nyttast til etterdrift eller til andre formål skal fjernast. Gjerde og andre anlegg som sikrar gass- og sigevassanlegg og andre anlegg som fortsatt skal være i drift, skal ikkje fjernast utan etter samtykke frå Statsforvaltaren.

---

<sup>3</sup> Risikokategoriane SE (svært høg), høg (HI) og potensielt høg (PH) er omtalt for kvar art i [www.artsdatabanken.no](http://www.artsdatabanken.no).



## 4 Krav for etterdrift

Etterdriftsperioden er tida frå dato for godkjent avslutting og fram til Statsforvaltaren har godkjent at deponiet ikkje lenger kan føre til nemneverdig skade eller ulempe for menneske eller miljø. Plan for drift og vedlikehald datert juni 2021 (NOMIL) skal følgast for etterdriftstida, med dei endringane som er omtalt i dette dokumentet.

### 4.1 Overflatevatn

Areal med deponert avfall eller forureina grunn skal ikkje ha innsig av overflatevatn. Eksisterande drencsystem skal ha tilstrekkeleg hydraulisk kapasitet i heile etterdriftstida.

Vassleidningar, overvasskummar, overvassgrøfter, vassinntak og bekkelukkingar skal kontrollerast jamleg, minst årleg, og nødvendige utbetringar gjennomførast.

### 4.2 Toppdekke

Toppdekket skal kontrollerast og utbetrast for setningar, sprekkar, hol og erosjon minimum ein gang i året. Overflata der det er deponert avfall skal vere konveks eller ha eit fall mellom 1 – 30 %.

Sidekantar og skråningar skal vere varig stabile. Maksimal helling bør ikkje vere meir enn om lag 1 : 3. Tiltak må gjennomførast utan ugrunna opphald ved teikn på instabilitet i kant/skråning.

### 4.3 Sigevatn

Alt forureina overvatn og sigevatn skal samlast opp så langt som praktisk mogeleg og leiast til Gløppefjorden. Sigevatn skal førast ut i Gløppefjorden og til tilstrekkeleg djupne til at vatnet ikkje bryt gjennom i overflata. Oppsamlingssystemet skal vedlikehaldast for å hindre groe og tilstopping. Statsforvaltaren kan stille nærare krav til reinseeffekt, på bakgrunn av mellom anna ny kunnskap om forureiningspotensialet i utsleppsvatnet, overvakingsresultat eller ny teknologi for å oppnå forsvarleg utsleppskvalitet. Sigevatn kan repumpast til deponiet dersom det bidreg til å sikre optimalt fuktinnhald i deponert, nedbrytbart avfall.

Utlekking av utsleppsleidning eller liknande tiltak som kan påverke tryggleiken eller framkomsten i kommunen sine sjøområde, krev løyve av den kommunen der tiltaket skal setjast i verk, jf. hamne- og farvasslova<sup>4</sup>.

### 4.4 Deponigass

Drift og vedlikehald av deponigassanlegget kan avsluttast.

### 4.5 Andre tiltak mot metanemisjon

Metanemisjonen frå overflata til deponiet skal kontrollerast jamleg og minimum ein gong i året. Nødvendige utbetringar av toppdekket skal gjerast utan ugrunna opphald.

---

<sup>4</sup> jf lov om havner og farvann av 17.04.2009 nr. 19 § 27



Leidningsanlegg og kummar for overvatn, reint vann, sigevatn og el-kablar skal kontrollerast jamleg og minimum ein gong i året for deponigass. Ved konsentrasjonar over 1 % metan (CH<sub>4</sub>) skal det gjennomførast tiltak for å hindre utslepp av deponigass.

#### 4.6 Drift av anlegg og tekniske installasjonar

Alle anlegg og tekniske installasjonar skal vere drifta og vedlikehalde slik at dei ikkje representerer nokon fare for menneske eller natur. Bygningar og annan infrastruktur som ikkje lenger skal nyttast for etterdrift eller etterbruk skal fjernast i samsvar med krav frå kommunen.

## 5 Krav til kontroll og overvaking i etterdriftsfasen

### 5.1 Prøvetaking og analyse

Prøvetaking og analyse skal utførast slik at utrekningane gir mest mogeleg realistisk og representativ dokumentasjon på deponiet sine faktiske utslepp. Akkrediterte tenester for prøvetaking og analyse skal nyttast der det er mogleg. Eigen prøvetaking og innsending for analyse til akkreditert laboratorium, kan berre skje etter opplæring av og skriftleg avtale med akkreditert tenesteytar.

Dersom representative meteorologiske data ikkje er tilgjengeleg, må slike data samlast inn ved deponiet som dokumentasjonsgrunnlag for vassbalanse.

Statsforvaltaren kan krevje endra omfang av måleparameter og hyppigheit ved behov.

### 5.2 Etterdriftsfasen

Plan for drift og vedlikehald datert juni 2021 (NOMIL) skal følgast for etterdriftstida, med dei endringane som er omtalt i dette dokumentet.

Overvakingssystemet skal omfatte sigevatn, overflatevatn og grunnvatn og omfanget skal byggje på Miljødirektoratet sin rettleiar TA 2077/2005 eller seinare utgåve. Overvakingstema går fram av tabell 1 og minimum omfang av parameter i tabell 2. Overvakinga skal dokumentere at prosessane i deponert avfall skjer som føresett, og at systema for vern av miljøet fullt ut fungerer. Overvakinga skal også kunne avdekke eventuelle sigevasslekkasjar eller endringar i vassstilførselen til deponiet.

Tabell 1: Krav til minimum prøvetakingsfrekvens for etterdriftsfasen til deponiet

Overvakingstema	Prøvetaking, analyse/vurdering
Sigevassmengd	Kan stipulerast etter tidlegare måleserie og dokumentert vassbalanse
Samansetjing av sigevatnet	Stikkprøve minimum kvar 6. måned
Overflatevatnet si mengde	Stikkprøve minimum kvar 6. måned og stipulert mengd sidan førre måling
Samansetjing av overflatevatnet	Stikkprøve minimum kvar 6. måned



Grunnvassbrønn	Stikkprøve minimum årleg
Utvida overvakingsprogram for sigevatn	Minimum kvart 5. år
Deponigass	Fakling av deponigass kan avsluttast

Eventuelle endringar i programmet i etterdriftsperioden må avklarast med Statsforvaltaren i forkant.

Tabell 2: Parameter for analyse av vatn

<b>Prøvetaking og analyse sigevatn kvar 6.månad</b>				
pH	Leiingsevne	Alkalitet	Suspendert stoff eller turbiditet	
Arsen (As)*	Bly (Pb)*	Jarn (Fe)*	Kadmium (Cd)*	Koppar (Cu)*
Krom (Cr)*	Mangan (Mn)*	Nikkel (Ni)*	Sink (Zn)*	
Tot-P	Tot-N	TOC eller KOF <sub>Mn</sub>		
Fenol	Mineralolje			
Klorid				
<b>Prøvetaking og analyse Skorgeelva ovanfor og nedanfor deponiet kvar 6.månad</b>				
pH	Leiingsevne	Suspendert stoff eller turbiditet	Jarn (Fe)	Sink (Zn)
Tot-N	Klorid			
<b>Prøvetaking og analyse grunnvassbrønn årleg</b>				
pH	Leiingsevne	Suspendert stoff eller turbiditet	Jarn (Fe)	Sink (Zn)
Tot-N	Klorid			

\* Dersom verdiane for suspendert stoff er høgare enn 50 mg/l eller turbiditet høgare enn 55 FNU skal det også analyserast for oppslutta stoff.

## 6 Rapportering til Statsforvaltaren

Driftsansvarleg skal innan 1. mars kvart år rapportere miljødata og eventuelle avvik for året før via [www.altinn.no](http://www.altinn.no). Miljødata omfattar mellom anna:

- Vatn:
  - mengd og konsentrasjon av forureinande komponentar
  - eigen vurdering av analyseresultata
  - eigen vurdering av behov for endringar
- Deponiet
  - oversikt over setningar og tiltak sidan førre målingar
  - oversikt over overvaking av metanemisjon frå overflata til deponiet og omtale av eventuelle tiltak
- Andre tiltak (vegetasjon, eventuell lukt, framande artar, m.m.)



## 7 Tiltak for førebygging og beredskap mot akutt forureining

### 7.1 Miljørisikoanalyse

Driftsansvarleg skal gjennomføre ein miljørisikoanalyse. Resultata skal vurderast med sikte på akseptabel miljørisiko. Potensielle hendingar som kan føre til akutt forureining av vatn, grunn og luft skal kartleggast. Miljørisikoanalysen skal dokumenterast og skal omfatte alle forhold ved avslutting/etterdrift som kan føre til akutt forureining med fare for helse- og/eller miljøskadar inne på området eller utanfor. Ved endra forhold skal miljørisikoanalysen oppdaterast.

Risikoanalysen skal ta omsyn til ekstremvær, flom m.v. og framtidige klimaendringar.

Driftsansvarleg skal ha oversikt over miljøressursar som kan verte råka av akutt forureining og dei helse- og miljømessige konsekvensane slik forureining kan føre til.

### 7.2 Førebyggjande tiltak

Med grunnlag i miljørisikoanalysen skal driftsansvarleg, så langt det er mogleg utan urimelege kostnader, setje i verk dei tiltaka som er nødvendige for å redusere miljørisikoen til eit akseptabelt nivå. Dette gjeld både sannsyns- og konsekvensreducerande tiltak. Driftsansvarleg skal ha ein oppdatert oversikt over dei førebyggjande tiltaka.

### 7.3 Beredskap

Dersom dei førebyggjande tiltaka ikkje har redusert miljørisikoen til eit akseptabelt nivå, må driftsansvarleg utarbeide ein beredskapsplan med utgangspunkt i miljørisikoanalysen i 7.1.

#### 7.3.1 Beredskapsanalyse

Med grunnlag i miljørisikoanalysen skal driftsansvarleg utarbeide ein beredskapsanalyse for restrisiko som gjenstår etter at førebyggjande tiltak er sette i verk. For kvar av hendingane som utgjer restrisiko skal driftsansvarleg utarbeide og grunngi

- a. organisering av beredskapen
- b. nødvendig beredskapsutstyr
- c. nødvendig mannskap
- d. responstid

Beredskapen skal stå i eit rimeleg forhold til risiko for akutt forurensning.

#### 7.3.2 Beredskapsetablering

Basert på beredskapsplanen skal det etablerast ein beredskapsorganisasjon med mannskap og nødvendig utstyr. Kompetanse, opplæring og organisering skal vere dimensjonert for dei potensielle hendingane som er vurdert å utgjere størst miljørisiko.

#### 7.3.3 Beredskapsplan

Miljørisikoanalyse, beredskapsanalyse, førebyggjande tiltak og beredskapsetablering skal dokumenterast i ein beredskapsplan som er ein del av den driftsansvarlege sin internkontroll.



Beredskapsplanen skal som et minimum omtale den etablerte beredskapens organisering, bemanning, innsatsutstyr og personleg utstyr og angi innsatsplanar for dimensjonerande scenario.

Beredskapsplanen skal haldast oppdatert og kunne visast fram ved behov.

#### **7.4 Varsling av akutt forureining**

Akutt forureining eller fare for akutt forureining skal varslast i samsvar med gjeldande forskrift<sup>5</sup>. Bedrifta skal også så snart som mogleg underrette Statsforvaltaren gjennom [sfv/post@statsforvalteren.no](mailto:sfv/post@statsforvalteren.no) i slike tilfelle.

## **8 Avslutting av etterdrift**

Når resultatet av kontroll- og overvåkingsprogrammet viser at deponiet ikkje lenger kan føre til nemneverdig skade eller ulempe for menneske eller miljø, kan driftsansvarleg søkje Statsforvaltaren om å avslutte etterdrifta.

Ved søknad om avslutting av etterdrift skal som minimum følgande dokumentasjon sendast inn:

1. Oppsummering av analyseresultat og rapporteringsdata for dei fem siste åra.
2. Risikovurdering av deponiet sin påverknad på menneske og nærmiljøet og faren for framtidige hendingar som kan påverke miljøet og menneske.
3. Omtale av tiltak for å avslutte etterdrift (riving av anlegg, fjerning av infrastruktur og gjerde, oppfylling, planting o.l.).
4. Revidert reguleringsplan med nærare føresegner dersom det har skjedd endringar i etterdriftsperioden.
5. Oversikt som viser gjennomførte avsluttings- og etterdriftstiltak.

Statsforvaltaren skal ha høve til å inspisere og vurdere anlegget, og må godkjenne dokumentasjon før etterdrift kan avsluttast.

---

<sup>5</sup> Forskrift om varsling av akutt forurensning eller fare for akutt forurensning av 09.07.1992, nr. 1269